



DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Deres ref
19/2387

Vår ref
19/3997-5

Dato
20. september 2019

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - klage på manglende stemmesetlar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til oversending av 29. august 2019 av klage av 27. august 2019 på manglende stemmesetlar frå leiar i Folkeaksjonen Nei til mer bompenger Alver, Morten Klementsens.

Bakgrunn for saka

Saka gjelder ei hending omtalt i avisa Strilen om at ein person ikkje fann vallista til Folkeaksjonen Nei til mer bompenger da han skulle stemme på forehand på Lindås bibliotek 26. august 2019. Det følgjer av framlagd sak til valstyret datert 27. august 2019 at vedkommande melde frå om at det mangla stemmesetlar til stemmemottakar, som fylte på med stemmesetlar i avlukket. Vedkommande fikk etter dette gje sin stemme.

Klagar sitt synspunkt på saka

I klagen blir det bedt om oppfølging og forbetring av rutinar i vallokala i nye Alver kommune. Det blir vidare bedt om at alle valavlukke blir kontrollert etter kvart besøk eller at det blir sat i verk andre tiltak straks.

Valstyret sin behandling av klagen

Valstyret behandla klagen i møtet 29. august 2019, og vedtok følgjande: "Endra rutiner i samband med hendinga vert følgd opp i alle vallokala (førehands- og valtingslokale) i Alver kommune."

Etter hendinga har kommunen endra rutinar for tilsyn i valavlukka. Det vert sjekka at alle setlar er på plass etter kvar veljar.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Cathrine Sørli
22 24 72 52

Departementet sine merknadar

Departementet legger til grunn at Morten Klemetsen, som har levert inn klagen på vegne av Folkeaksjonen Nei til mer bompenger, er oppført i manntalet i kommunen, og har klagerett, jf. valgloven § 13-2 fyrste ledd. Klagen er sat fram innan fristen.

Valgloven § 13-2 fjerde ledd bestemmer at departementet skal kjenne fylkestingsvalet i ein kommune eller i heile fylket eller kommunestyrevalet i ein kommune ugyldig viss det er gjort feil som ein må anta har hatt verknad på fordelinga av mandatar mellom listene og som det ikkje er mogleg å rette.

Departementet finn, ut frå det opplyste, at det mangla stemmesetlar for partiet Folkeaksjonen Nei til mer bompenger i stemmelokalet på Lindås bibliotek 26. august 2019. Kommunen endra etter dette rutinane for tilsyn med valavlukka. Vedkommande fikk gje sin stemme, og det er ikkje påvist feil som har hatt betydning for valresultatet.

Konklusjon

Klagen frå Morten Klementsens blir ikkje tatt til følgje. Departementet sitt vedtak er endeleg, og kan ikkje bli brakt inn for domstolane, jf. valgloven § 13-2 fjerde ledd.

Med helsing

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Cathrine Sørli
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi:
Morten Klementsens